

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 19.08.2018

SAKSHANDSAMAR: Alf Henrik Andreassen og Evelyn Neppelberg

SAKA GJELD: **Augepasientar - Kva blir gjort for å leggje til rette for pasientane i samband med flytting av sengeposten til Sentralblokka**

STYRESAK: **85/18 0**

STYREMØTE: **30.08.2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek saka til orientering.

Bakgrunn:

Sak **74/18 O Eventuelt**

1. Flytting av Augeavdelinga sin sengepost til Sentralblokka

Representantane for Brukarutvalet peiker på at det er ein del utfordringar for pasientane i samband med flytting av sengeposten. Dei har vore i dialog med dei involverte klinikkane/avdelingane for å få vite meir om kva som blir gjort av tiltak.

Til oppfølging

Administrasjonen kjem tilbake med ei sak om kva som blir gjort for å leggje til rette for pasientane i samband med flytting av sengeposten til Sentralblokka.

Før jul 2017 blei det vedteke at Augeavdelinga sin sengepost skulle slåast saman med Hovud-Hals sin sengepost i Sentralblokka. Det blei då utarbeidd detaljerte planar for gjennomføringa av vedtaket: Fysiske tilpassingar på den nye sengeposten og for drifta som blei igjen på Augebygget, blant anna tilrettelegging for blinde og svaksynte, inkludert innreing av to legeundersøkningsrom på sengeposten i Sentralblokka. Rutinar for drifta og kompetanseplanar for tilsette ved sengeposten blei utarbeidd, og i prosessen blei ROS-analyse gjennomført. Vinteren 2018 jobba avdelingane med risikoreduserande tiltak, og ny ROS-analyse, før flyttinga av sengeposten blei gjennomført den 9.april. Dei tillitsvalde var med i prosessen.

Oppfølging:

Dei første vekene blei det gjennomført daglege samhandlingsmøte mellom klinikkleiar og avdelingssjukepleiar ved Hovud-Halsklinikken og leiinga ved Augeavdelinga, no er det slike møte kvar veke. Melde innspel, merknader, uro og eventuelle avvik frå medarbeidarar og pasientar blir notert og gjort tilgjengeleg på ei felles intern nettside. Fleire saker blir løyst direkte i møta, andre blir sett på ein ansvarleg leiar for oppfølging. Restanselista blir teken opp på kvart samhandlingsmøte.

Kontakt med brukarutvalet:

18.juni deltok klinikkdirektør Evelyn Neppelberg frå Hovud-Halsklinikken, avdelingsdirektør Alf Henrik Andreassen frå Augeavdelinga og divisjonsdirektør Askjell Utaaker frå Drifts-teknisk divisjon på eit møte med Brukarutvalet. Situasjonen og utfordringane for augepasientane knytt til omstillinga blei tatt opp, men og generelle utfordring for blinde og svaksynte i Helse Bergen. På møtet ble det orientert om prosessen, kva tiltak som er gjennomført til no og litt om planane for tilrettelegging for aktuelle pasientgruppe framover. 13.august var det tilsvarande møte med leiaren av Brukarutvalet, Inge Fiskvik.

Tilrettelegging for blinde- og svaksynte:

Lokale tilpassingar er utført i sengeposten Hovud/hals og Auge: For eksempel markering, fargeval med kontrastfargar, og liknande. Inntrykket frå sengeposten er at dei aller fleste pasientane er rimeleg godt nøgde med tilbodet. Nokre få pasientar har opplevd logistikkmessige utfordringar, som feil oppmøte på Augebygget. Vi er opptekne av at sengeposten Hovud/hals og Auge skal vidareutviklast på ein god måte der man tar særleg omsyn med tilpassing for blinde og svaksynte. For eksempel skal vi for posten planlegge ei betre buffetløsning, og Brukarutvalet er invitert til å delta med ein brukarrepresentant med tanke på innspel i vidare arbeid.

Augeavdelinga og Klinik for Hovud/hals har tett samhandling med mål om eit godt tilpassa tilbod til våre blinde og svaksynte pasientar. Augeavdelinga startar blant anna opp i september med prekirurgisk klargjering (prepol) av aktuelle pasientar, som eit tiltak for å utbetre logistikken knytt til augepasientane.

Blinde og svaksynte har behov for tilrettelegging ved alle einingar i føretaket. Drifts-teknisk divisjon tar omsyn til desse behova i samband med nybygg og modernisering/ oppussing av bygga våre.

Anna:

Det er dialog med Barne- og ungdomsklinikken med tanke for å kunne planlegge at born med augesjukdommar som treng innlegging blir lagt inn inn på Barnekirurgisk barnepost. Dette for å betre kunne nytte barnekompetansen der, og dei tilrettelagde fasilitetane i Marie Joys hus for barn og pårørande.

Augeavdelinga deltek og i Fagråd Syn Hordaland, der siste møte var 27.juni.

I juli blei det vedteke at Augeavdelinga får disponere heile Augebygget etter at seksjon for ortopedisk rehabilitering flytta til Nordås. Dette betyr at vi også vil få merkbart betre tilhøve for pasientane i Augebygget (venteareal, behandlingsrom mv.).

